



## Notat

Dato: 02.11.2018  
Arkivsak: 2015/10348-36  
Saksbehandlar: rolrose

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Spørsmål om app og månadskort

På møte i fylkesutvalet 20.09.2018 stilte representanten Tom Sverre Tomren (KRF) fylgjande spørsmål.

Periodebilletten i Skyss er ikkje knytt til person, men kan byttes mellom ulike brukarar. Ved bruk av kort er dette relativt uproblematisk då brukarane kan bytte dei mellom seg. Når det gjeld APP ligger det derimot ein avgrensing der brukarar kun kan bytte kortet tre gonger iløpet av perioden mellom seg. Er det tekniske eller økonomisk/strategiske grunnar som ligg bak denne at ein kun kan bytte tre gonger mellom ulike brukarar når ein har upersonleg periodekort? Kva skal til og kor fort kan ein oppheve sperringa på tallet i skifter mellom ulike personer på upersonlege periodekort?

#### Svar på spørsmålet.

Ordninga med at ein kan flytte billetten tre gonger er ikkje knytt til deling av periodebillett, men er der for at det skal vere enkelt å flytte ein billett frå ein telefon til ein annan ved bytte til ny telefon. Ei teknisk tilpassing som gjer det mogleg å sende ein periodebillett mellom to ulike kontoar er mogleg, men dette vil krevje noko tid og ressursar til utvikling. Ei slik løysing vil dessutan gjere det mogleg for fleire personar som reiser på same tid å dele ein billett, noko som vil medføre tap av inntekter til Skyss. Det er sjølv sagt ingen ting som hindrar reisande i å låne bort mobiltelefonen sin, på same måte som ein låner bort eit reisekort. Om ein ikkje ønsker dette, er tilrådinga til dei som ønsker å dele ein periodebillett å bruke Skyss-kort framfor mobil.